

---

**Fra:** Kjersti Møllerup Subba  
**Sendt:** torsdag 4. mai 2017 15.48  
**Til:** 'Marit Røttingen'  
**Kopi:** Ingrid Raniseth  
**Emne:** SV: 17/816 Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - detaljplan - offentlig ettersyn  
**Vedlegg:** Planføresegner Øvre Holsbergstien 20.3.2017-med forslag til endringer.docx

Hei igjen

Eg har no fått sett litt nærmare på revidert materiale for 2. gangs handsaming. Eg er ikkje heilt ferdig med gjennomgangen, men sidan eg er her berre ein gong i veka sender eg tilbakemelding om mine foreløpige vurderingar no. Det eg spesielt har sett nærmare på no er tilbakemeldinga om ikkje å tilretteleggje for heis for hus 5. Eg viser i den anledning til teknisk forskrift TEK 10, og då spesielt § 8-6 Gangatkomst til byggverk (krav om trinnfri gangatkomst), med veiledning.

<https://dibk.no/byggeregler/tek/2/8/8-6/>. Sjølv om det kan gjerast unntak for bratt terreng, kan eg ikkje sjå at det er grunnlag for å gjere eit slikt unntak i dette tilfellet. Det vil vera mogleg å endra bygningstype eller legge til rette for heis. Vi må derfor be om at de vurderer dette på nytt, slik at alle bueiningane i det nye bustadfeltet får trinnfri atkomst til inngangspartiet. Både eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne såg positivt på bustadtypene det blir tilrettelagt for her, og bustadane vil vere attraktive for denne målgruppa. Då er det også viktig at bygningane kan nyttast for desse befolkningsgruppene. Småbarnsfamiliar vil også ha behov for trinnfri atkomst for barnevogner med vidare.

Eg foreslår også ei mindre endring i reguleringsføresegnene på bakgrunn av innkomne merknader, sjå vedlegg. Ber om at de også vurderer å ta dette inn, slik at vi slepp å ha endringa som ein del av vedtaket ved slutthandsaminga av planen.

Veldig fint om det er mogleg for dykk å gje meg ei tilbakemelding før neste torsdag (då er eg tilbake i Meland). Ring meg gjerne om det er spørsmål.

MVH  
Kjersti M. Subba  
Tlf. 41 42 42 47

---

**Fra:** Marit Røttingen [<mailto:Marit@abo-ark.no>]  
**Sendt:** onsdag 22. mars 2017 13.50  
**Til:** Kjersti Møllerup Subba  
**Kopi:** Kjersti Møllerup Subba ([KjerstiM.Subba@asplanviak.no](mailto:KjerstiM.Subba@asplanviak.no))  
**Emne:** SV: 17/816 Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - detaljplan - offentlig ettersyn

Hei,

Vedlagt ligg revidert materiale for 2. gongs handsaming. Håpar planforslaget kan kome med i møtet 25.4.2017.

Ein versjon av planomtalen og ein versjon av merknadsskjema er merka gult der det er gjort endringar etter at vi fekk tilbakemelding på merknadsskjema, jf. epost under.

Vennlig hilsen

## Marit G. Røttingen

Arealplanlegger  
406 96 616



Hamnevegen 53  
Pb.291  
5203 OS

[marit@abo-ark.no](mailto:marit@abo-ark.no)  
[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)

---

**Fra:** Kjersti Møllerup Subba [<mailto:kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no>]  
**Sendt:** 8. mars 2017 17:40  
**Til:** Marit Røttingen  
**Kopi:** Ingrid Raniseth  
**Emne:** SV: 17/816 Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - detaljplan - offentlig ettersyn

Hei

No har vi hatt ein intern gjennomgang av merknadsskjemaet, og har nokre kommentarar og ønske om endringar. Eg har lagt kommentarane våre inn i ein kopi av merknadsskjemaet, som ligg vedlagt. Fant ut at det vart det enklaste og mest oversiktelege no.

Utifrå vår vurdering er det ikkje behov for merknadsmøte for gjennomgang av dette.

Ta kontakt dersom du har spørsmål til kommentarane og forslag til endringar i planmateriellet.

MVH Kjersti M. Subba

---

**Fra:** Marit Røttingen [<mailto:Marit@abo-ark.no>]  
**Sendt:** mandag 20. februar 2017 21.37  
**Til:** Kjersti Møllerup Subba  
**Kopi:** Ingrid Raniseth; [kjerstim.subba@asplanviak.no](mailto:kjerstim.subba@asplanviak.no)  
**Emne:** SV: 17/816 Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - detaljplan - offentlig ettersyn

Hei,

Planforslaget til offentlig ettersyn med merknader/uttaler er no gjennomgått med forslagsstiller og det er drøfta endringar fram til 2. gongs handsaming. Det er ønskelig at materiell vert sendt inn så fort som råd, men i første omgang så er det merknadsskjemaet vi sender inn før vi gjer materialet ferdig etter tilbakemeldingar frå kommunen.

Merknader og uttaler til offentlig ettersyn er oppsummert og kommentert i vedlagt merknadsskjema.

Utval for drift og utvikling/administrasjonen sine vilkår i vedtak for utlegging til offentlig ettersyn er også kommentert i skjemaet.

Endringar etter gjennomgang:

- Endring av sandleikeplassen sørvest for Hus 3. Det er sett på løysing av sandleikeplassen slik at den får tilkomst frå same nivå som inngangsparti for bustadane i Hus3. Gangveg f\_SGG2

vert flytta slik at den tar opp terrengspranget frå f\_SV5 til f\_SGT langs f\_SV5. Løysinga fører til endring i plankart og illustrasjonsplan.

Håper på snarleg tilbakemelding.

Vennlig hilsen  
**Marit G. Røttingen**  
Arealplanlegger  
406 96 616



Hamnevegen 53  
Pb.291  
5203 OS

[marit@abo-ark.no](mailto:marit@abo-ark.no)  
[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)

---

**Fra:** Kjersti Møllerup Subba [<mailto:kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no>]  
**Sendt:** 20. februar 2017 15:46  
**Til:** Marit Røttingen  
**Kopi:** Ingrid Raniseth; [kjerstim.subba@asplanviak.no](mailto:kjerstim.subba@asplanviak.no)  
**Emne:** VS: 17/816 Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - detaljplan - offentlig ettersyn

Hei

Eg prøvde å ringe deg for å høyre korleis de ligg an i denne saka. Fint om du kunne gje meg ei tilbakemelding om når de tenkjer å sende inn planen til 2. gongs handsaming, slik at eg får planlagt kontordagar i Meland framover. Send gjerne kopi til asplanviak-adressa og Ingrid Raniseth;)

Med venleg helsing

Kjersti Møllerup Subba

---

**Fra:** Kjersti Møllerup Subba  
**Sendt:** tirsdag 14. februar 2017 12.35  
**Til:** 'Marit Røttingen'  
**Emne:** SV: 17/816 Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - detaljplan - offentlig ettersyn

Hei

Eg tenkjer at de må vurdere om det er behov for å få avklaringar frå kommunen før de ferdigstiller dokumenta. Evt. kan vi i kommunen vurdere om det er behov for møte etter at de har sendt inn reviderte dokument.

Dersom de ønskjer møte før dokumenta vert ferdigstilt, er det greitt å få oversendt merknadsskjemaet først for å sjå kva for endringar de tenkjer å gjere slik at vi får forberedt oss. Send gjerne kopi av evt. e-post til [kjerstim.subba@asplanviak.no](mailto:kjerstim.subba@asplanviak.no), då eg ikkje har tilgang til e-postadressa mi i Meland utanom kontortidene mine der.

Med venleg helsing

Kjersti Møllerup Subba

---

**Fra:** Marit Røttingen [<mailto:Marit@abo-ark.no>]

**Sendt:** tirsdag 14. februar 2017 12.12

**Til:** Kjersti Møllerup Subba

**Emne:** SV: 17/816 Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - detaljplan - offentlig ettersyn

Hei,

Uttalen vert tatt med.

Vi har oppsummert og kommentert merknadene og uttalene. I tillegg er det vald å svare på vedtaket som vart gjort i UDU ang tilhøva som bør sjåast på til 2. gongs behandling. Er det ynskjeleg med merknadsmøte eller skal vi sende inn reviderte dokument på det som forslagsstillar ynskjer å endre til 2. gangs behandling?

Vennlig hilsen

**Marit G. Røttingen**

Arealplanlegger  
406 96 616



Hamnevegen 53  
Pb.291  
5203 OS

[marit@abo-ark.no](mailto:marit@abo-ark.no)  
[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)

---

**Fra:** Kjersti Møllerup Subba [<mailto:kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no>]

**Sendt:** 14. februar 2017 08:49

**Til:** Marit Røttingen

**Emne:** VS: 17/816 Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - detaljplan - offentlig ettersyn

Hei!

Her kjem ein uttale til reguleringsplanen for Øvre Holsbergstien frå kommunens Eldreråd, som eg ber om at de kommenterer saman med dei andre merknadene til planen.

Med venleg helsing

Kjersti Møllerup Subba

---

**Fra:** Randi Helene Hilland

**Sendt:** fredag 10. februar 2017 13.23

**Til:** Kjersti Møllerup Subba

**Emne:** 17/816 Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - detaljplan - offentlig ettersyn

Sjå vedlegg!

Med venleg helsing

Randi Hilland

konsulent

Tlf: 56171034/56171000

E-post: [randi.hilland@meland.kommune.no](mailto:randi.hilland@meland.kommune.no)



**Meland kommune**  
*- Eit samfunn for alle -*

[Sjå brosjyren vår](#)